

Kriterie ved trekking av reinsløyve ved Luster austre fjellstyre

Jf vedtak sak 17-25, 7. april 2025

Prioritering av søkjarane:

1. *Innanbygds* utan løyve føregåande år*
2. *Innanbygds* med løyve føregåande år*
3. *Utanbygds* utan løyve føregåande år*
4. *Utanbygds* med løyve føregåande år*

**Det er kommunegrensene pr 1. januar 1956 som definerer kven som er innanbygds og kven som er utanbygds (her må fjellstyret retta seg etter Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning). I praksis vil det seia at dei som bur i Fortun, Skjolden, Luster, Nes, Gaupne og Vigdal, samt sørsida nord for Kroken skal reknast som innanbygds. For å reknast som innanbygds må jeger ha hatt bustadadresse innanbygds sidan 1. november føregåande år og framleis ha det når trekkinga finn stad.*

Rekkefølge på trekkinga:

1. *Vest-Jotunheimen*
2. *Skjåk søraust*
3. *Reserveliste Vest-Jotunheimen*
4. *Reserveliste Skjåk søraust*

Rekkefølge på dyrekategori:

1. *Frie løyve*
2. *Simle/ungdyr*
3. *Kalv*
4. *Kluftbukk*

Ein jeger får ikkje meir enn eitt løyve. Dersom jeger har søkt på begge område, og får tildelt løyve på det eine, vert han/ho ikkje med i trekkinga på det andre området.

Jeger som har hatt løyve føregåande år i eit område vil ikkje verte rekna som jeger med løyve føregåande år i det andre. Jeger som seier frå seg eit løyve vert året etter rangert i gruppa «jeger med løyve føregåande år».

Jegrar som trekker seg etter at korta er sende ut får ikkje refundert kostnaden, men kan levera kortet attende, slik at nestemann på lista kan få det. Han reknast då ikkje som jeger med løyve dette året ved neste års trekking.

Kort som kjem i retur når det er att ei veke eller mindre av jakta skal seljast til halv pris.

Førstegongsjegrar betaler halv pris til og med det året dei fyller 20 år.